

Årsmøte
17. mars 2026
kl. 12.30
på
Sotra Kino

Sak 1: Opning

Opning ved leiar

Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Årsmøtet vart kunngjort på Aktiv+ sine aktivitetar den 10.02.2026, på Facebook 1.mars 2026, og på kommunen sine heimesider den 02.mars 2026.

Saksdokumenta vart ferdigstilt 10.03.2026, og gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside, link til denne på Aktiv+ si facebookside, papirformat i biblioteket og ved opning av årsmøtet.

Dagsorden for årsmøte i Aktiv+ 2025;

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Behandla innkomne forslag og saker.
7. Fastsetja medlemskontingent.
8. Handlingsplan for komande år.
9. Budsjett
10. Val av styreleiar
11. Val av fem styremedlemmer og to varamedlemmer.
12. Val av revisor og tre medlemmer til valkomité.
13. Avslutning

Framlegg til vedtak:

Innkalling og dagsorden vert godkjend.

Sak 3: Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen (iflg vedtektene)

Framlegg til vedtak:

Som møteleiar vert valt _____

Som referent vert valt _____

Til å skrive under protokollen vert valde _____ (forslag på to frå salen)

Sak 4: Årsmelding frå styret i Aktiv+ for perioden

1. januar – 31. desember 2025.

Årsmelding frå styret:

Styret i Aktiv+ har i 2025 vore samansett slik:

Leiar:	Eli Bergsvik
Nestleiar:	Irene Evensen
Kasserar:	Finn Villanger
Sekretær:	Anne Grete Aase Eide
Styremedlem:	Signe Herdis Høyvik
Styremedlem:	Siri Hatland
Vararepresentant:	Jan Gunnar Halsøy (etter at Torill Garmann gjekk ut)
Vararepresentant:	Inge Kolltveit

Unni Sørensen har og i 2025 vore fast kontaktperson for Øygarden kommune og møter på styremøtene.

Grunna Olav Bjørøy sitt sjukefråvær, fungerer Jan Bjørøy som revisor.

Valnemnda: Arild Hjelleseth, Kristin Heen og Mai Villanger.

Medlemstal:

Aktiv+ hadde 563 medlemmer pr 31.12.2025. Dette er ein auke med 43 frå året før. Det har vore fokus på å verve nye medlemmer i heile 2025, noko som har ført til rekruttering. Elles er det også ein del utmeldingar som i hovudsak skuldast alder, sjukdom og "naturleg" avgang.

Nettstad:

Aktiv+ presenterer seg på nettsidene til Øygarden kommune. Nettstaden vert jamnleg oppdatert med programoversikt for kvar tysdag. Her går det fram kven som skal ha foredrag i Odeon Sotra kino og tittelen på foredraget.

Styret sitt arbeid :

Styret i Aktiv+ har hatt 8 styremøte og handsama 60 saker, meldingar og orienteringssaker. I tillegg vart det halde konsituerande årsmøte. Styremøta har vorte gjennomført i Sotra Arena og på biblioteket.

Vi starta oppatt med aktivitetar 7. januar. 38 deltakarar møtte fram til balansetrening, 52 stk til trimgruppa, men ingen ville gå tur den dagen. Dette var ein fin start på nyåret. Same dag starta vi også med foredrag av Jan Isaksen om «forbereding, samt seileretappen fra Bergen til Chile» i Odeon Sotra kino.

Beste oppmøte hadde vi på foredraget om Sotrasambandet med 145 frammøtte. 1995 personar har møtt opp på foredraga i 2025.

Medlemmer av styret og andre frivillige har rigga til salane + laga vaktlister og fordelt dette på styremedlemmene og andre frivillige eldsjeler. I tillegg arbeider styret konstruktivt med å få tak i aktuelle foredragshaldarar som kan snakke om interessante tema.

Aktiv+ er glad for at Elisabeth Takle Skulstad har takka ja til å være ny triminstruktør. Signe Herdis Høyvik vil dele instruksjonsarbeidet med henne. Dei vekene Skulstad ikkje er instruktør vil ho være turvert.

Balansegruppa er populær og godt besøkt. Stor takk til Ergo-og fysioterapiavdelinga i Øygarden kommune som hjelper til med instruktørar.

Når det gjeld turgruppa, har vi no fått på plass nye turvertar. Solfrid og Jan Gunnar Halsøy, Trygve Dåvøy, Jan Bjørøy, Karin Bjærum og Elisabeth Takle Skulstad deler på oppgåvene.

Totalt har 5183 personar møtt opp til trim, balanse og tur i løpet av 2025.

30.mai – 1.juni "Kreftforeningens stafett for livet" i Øygarden

Her deltok Aktiv+ med stafettlag og gjekk/sprang i 24 timar på Ågotnes idrettsbane. Dette var ein fin hyllest til alle som har vore ramma av kreft. 36 personar deltok og fullførte ca 540 rundar på bana.

20.juni – Delegasjon frå Korea

Kommunen tok imot ein delegasjon frå Korea med fokus på eldre og frivillig arbeid. Leiaren i Aktiv+ deltok og presenterte Aktiv+ sitt formål og arbeid.

17.6. – Sommaravslutning

Vi avslutta fyrste halvår med song og musikk av Olaug Alvheim og Terje Nilsen

2.september - Tur til (Ormhilleren) Larslibua

Det var bestilt buss som skulle køyre oss til Ormhilleren, men veret viste seg ikkje frå si beste side, så turen gjekk til Larslibua. Vi gjekk tur frå Foldnes kyrkje til Larslibua der vi hadde ei fin trimøkt leia av Signe-Herdis. Etterpå vart det litt mat. Inge Glesnes underheldt med trekkspelmusikk og allsong før turen gjekk tilbake til bussen. Det var 61 personar som var med på turen.

27. september - Frivilligdagane

Her hadde vi stand der vi snakka med interesserte om tilbodet Aktiv+ gir. Det blir arrangert Frivillig dagar både på våren og hausten på Sartor senter. Aktiv+ har bestemt og gitt tilbakemelding om at dei heretter berre vil delta om hausten.

3.oktober - Beste årgang

Dette er eit tilbod frå kommunen til 77-åringar om førebuing av ein god alderdom. Irene presenterte arbeidet til Aktiv+.

20. november - Senormessa

Styremedlemmer stilte på messa som vart av halde utanfor "Baker Brun". Her fekk dei snakka med mange og delt ut informasjon om Aktiv+.

16.12. Juleavslutning

Juleavslutninga vart gjennomført i lokala til Sotra Bowling der det møtte

opp 150 stk. Det vart ei koseleg stund med kaffe, kringle og julekaker. Vi hadde fått inn mange fine gevinstar til loddtrekkinga, så tusen takk til alle som støtta oss. Stunda vart avslutta med konsert av Vivian Steinsland.

Økonomi

Det vert vist til eige vedlegg for økonomien. Økonomien i 2025 har vore god.

Avslutning

Styret vil retta ei stor takk for all hjelp med å arrangere aktivitetane våre i 2025.

Takk til alle deltakarane på Aktiv+. Det er godt å sjå at våre medlemmer stiller opp, og vi har framleis plass til fleire.

Takk til Øygarden kommune for årleg tilskot og lån av Sotra Arena.

Stor takk til Rolf Øvretveit, Benjamin Torsvik og tekniskar Stian Hartvigsen i Sotra Kino. Dei har stilt opp på ein positiv måte og funne løysingar på daglegdagse utfordringar.

Takk til Senioruniversitetet Øygarden og Sotra for godt samarbeid!

Vi vil og takka Sotra Sportsklubb for godt samarbeid og velvilje til at vi skal få gjennomført våre arrangement, og ikkje minst takkar vi vaktmeister for all velvilje og god hjelp.

Takk til turvertar, frivillige og alle som har vore med å lage eit flott opplegg for seniorane i kommunen.

Takk til revisor og valnemnd.

Eli Bergsvik

Irene Evensen

Finn Villanger

Anne Grete Aase Eide

Siri Hatland

Signe Herdis Høyvik

Inge Kolltveit

Jan Gunnar Halsøy

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjend.

Sak 5: Rekneskap og revisorrapport

Konto	Kontobeskrivelse	Inntekter	Utgifter		
1000	Bankkonto 3633.69.05375			Bank 01.01.25	84 832,18
	Bidrag				
1012	Øygarden kommune	44 280,00			
1013	Folkeakademiet Vest	5 000,00			
1014	Norsk Tipping AS	6 856,83			
1015	Vippsnr. 608874	18 077,00			
1016	Sparebanken Norge	488,00			
1016	Sparebanken Norge	20 000,00			
1017	Loddsal, julebord	7 400,00			
	Utgifter				
2000	Leige av lokalet		25 735,00		
2010	Trenar		3862,00		
2011	Foredr.haldarar/ leverandører		20 000,00		
2012	Gåver		8 870,40		
2013	Utstyr og materiell		4 216,41		
2014	Abonnement etc		500,00		
2015	Årsmøte/styremøte		5 000,00		
2016	Sesongavslutningar		23 750,70		
2017	Stafett for livet/ tur Larlibua		16 487,35		
2018	Gebyr		264,50		
Sum		102 101,83	108 686,36	Underskot 584,53	- 6
				Bank 31.12.25 78 247,65	

Revisor rapport;

Revisors rapport Aktiv +regnskapsåret 2025.

Eg finn regnskapet rett.

Bilag og bankkonto er kontrollert, og regnskapet kan godkjennast som det er.

Særs ryddig og godt arbeid.

Straume, 12. februar 2026

Jan Bjorøy

sign

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen vert godkjend.
2. Revisors rapport vert teken til etterretning.

Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker

Styret har ikkje motteke saker som skal handsamast på årsmøtet

Sak 7: Fastsetja medlemskontingent.

Framlegg til vedtak:

- Styret foreslår at det ikkje skal betalast nokon ordinær kontingent for medlemskap.
- Ved store framsyningar med innleige av artistar vert det teke inngangspengar når styret ser behov for det.

Sak 8: Handlingsplan for 2026

Treningsaktiviteter og kafé på Sotra Arena held fram som før på tysdagar kl. 10:30.

Foredrag Aktiv+ våren 2026 – tysdagar på Sotra kino kl. 12:30:

- 17.03 Årsmøte og medlemsmøte Aktiv+. Musikalsk underholdning etterpå.
- 24.03 "Sov godt – eit innlegg om søvn" v/Friskliv og meistring
- 31.03 Påskeferie
- 07.04 "Kunsten å leve" v/Samuel Messi og bestefar
- 14.04 **SØy** "Frå Jesus til Gaza – forholdet mellom Israel, palestinere og araberstatene" v/lektor og midtøstenekspert Hans Wendelbo
- 21.04 "Mitt møte med Kamerun" v/Alvhild Vassel Eide
- 28.04 "Hurtigruten, Svalbard, Svalbardlinjen – dag for dag" v/Sigurd Hope
- 05.05. Tur til Ormhilleren med lett bevertning og allsong.
Evt. Larslibua viss det vert regn.
- 12.05 **SØy** "Farlig og misforstått delirium – en helsetilstand uten forbindelse til alkoholmisbruk" v/førsteamanuensis Leslie Eide
- 19.05 "Vil engelsk overta for norsk språk?" v/direktør for Språkrådet Åse Wetås
- 26.05 "Villedet – 1942: Den allierte invasjonen som uteble" v/dr.juris Hanne Sophie Greve
- 02.06 "Dei rettlause – oppgjeret med tyskarjentene etter krigen" v/statsarkivar Yngve Nedrebø
- 09.06 Vårekskursjon til Sund, Fjell og Foldnes kirker med guide og påfølgende lunsj på Foldnes
- 16.06 Sommaravslutning

Det kan koma endringar i programmet.

Sak 9: Budsjett

Konto	Konto beskrivelse	Inntekter	Utgifter	
1012	Bidrag fra Øygarden Kommune	25 000,00		
1013	Bidrag fra Folkeakademiet Vest	5 000,00		
1014	Bidrag fra Norsk tipping A.S	6 000,00		
1015	Bidrag fra Vippsnr. 608874	8 000,00		
1017	Bidrag fra Loddsalg	10 000,00		
1018	Bidrag fra Sparebanken Norge	30 000,00		
1019	Bidrag Andre	14 000,00		
2000	Utgifter til leie av lokaler		30 000,00	
2010	Utgifter til trener		6 000,00	
2011	Utgifter til foredragsholdere / levråndører		20 000,00	
2012	Utgifter til gaver		5 000,00	
2013	Utgifter til utstyr og materiell		2 000,00	
2014	Utgifter til abonnement, etc		500,00	
2015	Utgifter til årsmøte / styremøter.		6 000,00	
2016	Utgifter til sesongavslutninger.		18 000,00	
2017	Utgifter til Stafett for live/ Tur Larslibua		10 000,00	
2018	Gebyrer		500,00	
SUM		98000	98000	Differanse: 0

FRAMLEGG TIL VEDTAK;

Budsjettforslaget vert godkjent.

Sak 10: Val av styreleiar

Innstilling frå valnemnda 2026:

<u>Verv</u>	<u>Navn</u>	<u>Periode</u>
Som leder innstilles	Eli Bergsvik	for ett år – gjenvalg

Sak 11 – Val av fem styremedlemmer og to varamedlemmer

Valg av styremedlemmer og varamedlemmer:

<u>Verv</u>	<u>Navn</u>	<u>Periode</u>
Som styremedlem innstilles gjenvalg	Anne Grete Aase Eide	for to år -
Som styremedlem innstilles gjenvalg	Signe Herdis Høyvik	for to år -

<u>Verv</u>	<u>Navn</u>
Styremedlem ikke på valg	Irene Evensen
Styremedlem ikke på valg	Finn Villanger
Styremedlem ikke på valg	Siri Hatland

<u>Verv</u>	<u>Navn</u>	<u>Periode</u>
Som vararepresentant innstilles gjenvalg	Jan Gunnar Halsøy	for ett år –
Som vararepresentant innstilles	Dan Christensen	for ett år - ny

Framlegg til vedtak:

Valnemnda sitt forslag vert godkjent.

Sak 12: Val av revisor

<u>Verv</u>	<u>Navn</u>	<u>Periode</u>
Som revisor innstilles	Jan Elias Bjorøy	for ett år.

Framlegg til vedtak:

Valnemnda sitt forslag vert godkjent.

Straume, 18.03.25

-----	-----	-----
Mai Villanger	Kristin Heen	Arild Hjelleseth

Framlegg til vedtak:

Valkomitèen si innstilling vert godkjent.

Valnemnd:

Framlegg til val av valkomitè:

Medlemmer til valkomitèen:

Som valkomite vert innstilt	Mai Villanger (attval)
Som valkomite vert innstilt	Kristin Heen (attval)
Som valkomite vert innstilt	Trygve Dåvøy - ny

Styret sitt framlegg vert godkjent.

Sak 13 Avslutning

Leiar framheva at 2025 har vore eit aktivt og gjevande år for Aktiv+. Styret samarbeider godt og viser god lagånd. Det har vore ei fin auke i talet på frammøtte både på trening og foredrag.

Dei siste åra har det vore ei utfordring å skaffe nok turvertar, men dette ser no ut til å vere på plass.

Leiar avslutta årsmøte for Aktiv+ med å takke alle som var møtt opp og oppfordra til fortsatt bruk av tilboda laget tilbyr.

Protokollunderskrivarar:
